


# Jæren kommune?

**Folkeavstemning  
25. april 2016**



**25. april** vert det folkeavstemming i Hå, Klepp og Time. Spørsmålet til deg som innbyggjar er om du ønskjer at desse tre kommunane skal danna

## Jæren kommune.

Den vedlagte intensjonsavtalen er laga for å gi svar på nokre av spørsmåla om korleis ein ny kommune kan verta. I intensjonsavtalen finn du utfordringar, ambisjonar og mål for den nye kommunen.

Avtalen er laga av styringsgruppa for «nabopraten» på Jæren, som har bestått av ordførar, varaordførar og opposisjonsleiar frå kvar kommune.

### **minnyekommune.no**

Her finn du informasjon om kommunereforma og utgreiingane om Jæren kommune. Delta gjerne i debatten på Facebook og Twitter.

### **Folkemøte**

4.april kl. 19.00 i festsalen, Klepp rådhus  
12.april kl. 19.00 på Motland skule, Nærbø  
20.april kl. 19.00 i Time bibliotek, Bryne

Andre folkemøte, arrangerte av kommunen eller lag og organisasjonar, vert annonserte på minnyekommune.no og på kommunen sine nettsider.

### **Meir informasjon**

[www.ha.kommune.no](http://www.ha.kommune.no)  
[www.klepp.kommune.no](http://www.klepp.kommune.no)  
[www.time.kommune.no](http://www.time.kommune.no)

## Valinformasjon

### Kven kan stemma?

Dei som er folkeregistrert som busett i Hå, Klepp eller Time den 31. januar 2016 har stemmerett ved folkeavstemminga 25. april. I tillegg må følgjande kriterium vera oppfylt:

- Norske statsborgarar som har fylt 16 år innan utgangen av 2016 og som er, eller har vore busette i Norge.
- Statsborgarar i andre nordiske land som har fylt 16 år innan utgangen av 2016, og som har vore registrerte som busette i Norge seinast 31. januar 2016.
- Andre utanlandske statsborgarar som har fylt 16 år innan utgangen av 2016, og som har vore registrerte som busette i Norge samanhengande dei tre siste åra før valdagen.

**Førehandsstemma** kan du gjera frå 21. mars til og med 22. april i den kommunen du bur i. Det er ikkje mogleg å førehandsstemma i andre kommunar enn i heimkommunen.

Sjå info om opningstider på kommunane sine nettsider.

**På valdagen** må du stemma i kommunen du er registrert busett i per 31. januar 2016.

Det vert ikkje sendt ut valkort til dette valet.

Er du sjuk eller ufør, kan du ta kontakt med din kommune og be om å få førehandsstemma heime.

Fristen er sett til 20. april.

### Legitimasjon

Ta med legitimasjon med bilde når du skal stemma.

## Vallokale 25. april

### Hå kommune:

Stemmekrins	Stemmestad	Opningstid
Nærbø	Nærbø ungdomsskule	09.00 – 21.00
Varhaug	Varhaug skule	09.00 – 21.00
Vigrestad	Vigrestad storskule	09.00 – 21.00
Ogna	Ogna bibliotek	09.00 – 21.00

### Klepp kommune:

Kleppe	Klepp rådhus	09.00 – 21.00
Engelsvoll	Engelsvoll skule	09.00 – 21.00
Tu	Kåsenhallen	09.00 – 21.00
Orre	Orre samfunnshus	09.00 – 21.00
Bore	Bore ungdomsskule	09.00 – 21.00
Orstad	OrstadHuset	09.00 – 21.00

### Time kommune:

Bryne	Time rådhus	09.00 – 21.00
Hognestad	Hognestadhallen	12.00 – 21.00
Undheim og Eikeland	Undheim skule	12.00 – 21.00
Frøyland	Kvernaland samfunnshus	09.00 – 21.00
Lye og Vestly	Lye skule	09.00 – 21.00

